



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 05.05.2015
Vår ref.: 2014/15115-43
Saksbehandlar: mattorg
Dykkar ref.: «REF»

Moglegheitsstudie for fylkesvegar knytt til E39 Bergen-Rogaland

Samferdselsdepartementet vedtok i desember 2013 å starte opp arbeid med ny E39 frå Os og sørover over Bjørnafjorden som statleg plan. For å få eit fagleg grunnlag for å vurdere konsekvensar av ny E39 for tverrsamband på fylkesvegnettet, for kollektivtrafikken og for regional utvikling i området gjorde fylkesutvalet slikt vedtak i juni 2014:

«Fylkesutvalet ber om at det blir sett i gang arbeid med eit moglegheitsstudium for tverrsamband til E39 for strekninga Bergen-fylkesgrensa mot Rogaland. Denne skal ta føre seg tekniske, økonomiske og miljømessige aspekt ved nye samband og moglege arealbrukskonfliktar. Den skal særleg fokusere på det overordna fylkesvegnettet som blir tverrsamband til ny E39, men òg vurdere konsekvensar for kollektivtilbodet, samt konsekvensar for det øvrige fylkesvegnettet av mogleg nærings- og bustadutbygging i området.»

Moglegheitsstudiet ligg no føre, og følgjer vedlagt.

Muligheitsstudiet er tenkt som eit fagleg innspel for fleire prosessar i fylkeskommunen frametter. Først og fremst vil den vere eit grunnlag for arbeidet opp mot statleg plan for E39, og bidra til å avklare lokale og regionale interesser i planarbeidet. Mulegheitsstudiet vil òg vere eit bidrag til å avklare planar og utgreiingsbehov for framtidige fylkesvegar og for kollektivtrafikk i området, og er derfor ein premiss for neste rullering av Regional transportplan (RTP) som er venta ferdig i 2017.

Planprogram for E39 Stord-Os vil truleg bli sendt på høyring av Statens Vegvesen i løpet av mai i år med frist om lag 1. juli. Hordaland fylkeskommune tek sikte på å handsame sak om høyringsfråsegn i fylkesutvalet 18 juni. Vi ber om at eventuelle merknader til mulegheitsstudien blir oversendt Hordaland fylkeskommune innan **tysdag 2. juni 2015**. Vi seier oss lei for den korte fristen, som heng saman opplegget for sakshandsaming av fylkeskommunen sin uttale til planprogrammet for E39 Stord-Os .

Vi vonar òg at mulegheitsstudien vil vere nyttig i kommunane sitt arbeid med høyringsfråsegn til ny E39.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Matti Torgersen
Sjefsplanleggjar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.